



Til aktuelle grunneigarar

Geiranger 26.10.20

Skjøtselshogst i Geiranger-Herdalen landskapsvernombord

Grunneigarar i aktuelt område for skjøtselshogst får med dette melding om planlagte tiltak i Geiranger-Herdalen landskapsvernombord. Som ledd i nasjonal satsing mot framande treslag i verneområde, vil det her i første omgang bli tatt ut platanlønn, sitkagran og gran langs Geirangerfjorden, Sunnylvsfjorden, Norddalsfjorden og Tafjorden. Arbeidet vil bli sett i gang i 2020.

Oppdragsgivar


Oppdragsgivar for dette arbeidet er Fylkesmannen i Møre og Romsdal/Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernombord. Oppdragsgivar gjennomfører ulike skjøtselstiltak for å fremje føremålet med vernet av området.

Føremål

Geiranger-Herdalen landskapsvernombord er verna med føremål å ta vare på «eit særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt og variert plante- og dyreliv» (Verneforskrifta § 2).

Forvaltningsplanen for området oppmodar til at alle plantar av platanlønn og gran i verneområdet vert fjerna (pkt 4.6). Rapport om framande artar i G-H Ivo i 2018 gir vidare grunnlag for tiltak. Det er i år sett av nasjonale midlar til skjøtselshogst i verneområde med føremål å fjerne framande treslag.

Fylkesmannen administrerer og finansierer uttaket gjennom midlar til uttak av framande artar over statsbudsjettet kap. 1420 post 21.



Omfang

Platanlønn, sitkagran og gran har delvis spreidd seg til fleire felt i verneområdet. Desse artane er meint fjerna gjennom dette tiltaket.

Dei spreidde førekomstane er nedteikna i ei prioriteringsliste med denne rekkefølga, sjå kart:

- 1) Spreidde førekomstar langs Sunnylvfjorden, Norddalsfjorden og Tafjorden
- 2) Førekomstar på nordsida av Geirangerfjorden frå Hyskjet til Matvika
- 3) Førekomstar på sørsida av Geirangerfjorden frå Homlung til Skagehola
- (4) Nedre del av Herdalen)*

*)Herdalen kan bli prioritert i 2021, om økonomiske og praktiske forhold ligg til rette for det.

Det er utarbeidd ein rapport der førekomstane av framande treslag er kartfesta. Verneområdeforvaltar og tilbydar kan avtale ei anna rekkefølgje for uttaket der det oppstår grunnlag for dette.

Førekomstane varierer mykje når det gjeld artar og areal. Tilkomsten kan vere vanskeleg, og fleire førekomstar eignar seg best med tilkomst frå båt. Mange stader er det uråd å ta ut virket, og det må difor leggjast att for nedrotning. Ved førekomstar rett ved veg kan det vere råd å ta fram virket.

Framgangsmåte

Platanlønn skal fellast, kvistast og kappast i passelege lengder (1-2 meter) for attledding og nedrotning. Stokkane skal fjernast frå tun og innmark. Mindre tre skal klippast av eller dragast opp med rota. Stubbane skal behandlast med glyfosat. Der grunneigar er interessert i ved, kan dette leggjast ved veg for henting. Der det veks fleire uønska artar, skal ein prioritere å ta ut platanlønna først.

Gran og sitkagran og evt. hemlokk skal fellast, kvistast og kappast. Der grunneigar er interessert i vyrket, skal dette apterast for optimal tømmerverdi, og leggjast att ved veg for henting av grunneigar (mest aktuelt i Herdalen). Der slik tilkomst er umogeleg teknisk, økonomisk eller inneber fare for terregngskader, skal stokkane kappast i passelege lengder (1-2 meter) for attledding og nedrotning. Vyrket skal i det siste tilfellet leggjast slik at det ikkje stenger stiar og annan tilkomst.

Hogsten må skje på ein slik måte at verneverdiane i verneområdet ikkje vert reduserte. Det er også viktig at det vert tatt omsyn til terregng, vegetasjon og naturmangfold generelt. Tilbydar må velje driftsmetodar tilpassa til dei nemnde kriteria.

Arbeidet skal gjerast i 2020, men prosjektet kan forlengast om det er grunnlag for dette. Nokre stader er det bratt terregng med ras- og snøskredfare, så arbeidssesongen kan vere varierande.

Ta gjerne kontakt med:

Ola Betten, Fylkesmannen i M&R, Nasjonalt Hogstprosjekt (tlf 95111767/71258476)

Kjell Hansen, Statens Naturoppsyn (tlf 90164801)

Ingvild Hansen Nystad, Verneområdeforvaltar, Geiranger-Herdalen landskapsvernombraude) (tlf 92820034)

Med helsing

Ingvild Hansen Nystad (e.f. leiar i verneområdestyret for Geiranger-Herdalen)
Verneområdeforvaltar Geiranger-Herdalen landskapsvernombraude